



Norges Kvinne- og Familieforbund
Postadresse: Øvre Slottsgt. 6, NO-0157 Oslo
Tlf.: 22 47 83 80 Fax: 22 47 83 99
E-post forbundet: post@kvinnerogfamilie.no
ann-louis@kvinnerogfamilie.no
Internett: www.kvinnerogfamilie.no

D.Kgl. Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

25. august 2007

NOU 2007:6 – Formål for framtida

Formålsparagrafar for barnehage og opplæring

Høyringsuttale frå Norges Kvinne og Familieforbund

Norges Kvinne- og Familieforbund (NK&F) har med interesse lese framlegget frå utvalet, og har ingen prinsipielle innvendingar mot dei framlagte formålsparagrafane.

Hovedendring gjeld korleis ein skal formulera punktet om tilhøvet til det kristne verdigrunnlaget, og utvalet har etter vårt syn kome til ei løysing som bør vera akseptabel for alle partar.

Sameleis har ein klart å strama inn formåla for begge lover, sjølv om det kan synast at paragrafane framleis er fulle av "honnør-ord". Det er bruk for klåre tilvisingar til innhaldet/bakgrunns materialet i dei ulike orda/uttrykka, ref. pkt. 2.6.- 2.8., som må vera lett tilgjengeleg for dei som skal nytta lova som grunnlag for konkret arbeid.

Vi vil også kommentera at utvalet har hatt eit bunde mandat med høve til kva resultat det skulle levera. Utvalet har dermed i hovedsak arbeidd med å grunngjeva dei løysingane som er valde.

I høve til pkt 2.7.4 vil NK&F kommentera at det framleis bør vera høve for fritak for verdigrunnlag, og det bør leggjast inn som eigen paragraf i lovteksten. (ref også 5.7.) Dette må også takast omsyn til i samband med pkt. 2.10.1., administrative konsekvensar.

I pkt. 5.7., 4. avsnitt, hevdar utvalet at "samarbeid mellom barnehagen og hjemmet (er) avgrenset til at barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier". Slik NK&F, og dei barnehagar vi kjenner, les formålsparagrafen, gjeld

samarbeidet med heimen heile denne, og vi synes at utvalet har tolka setninga meir snevert enn vanleg praksis,

Med vennlig hilsen

Norges Kvinne- og Familieforbund

Ann-Louis Nordstrand (sign)
Forbundsleder

Eldbjørg Gunnarson (sign)
Saksbehandler